nve@nve.no

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Arkiv:	Sakshandsamar:	Dato:
				B. Kapstad	01.03.2018

Høring om forslag til endringer i forskrift om kontroll av nettvirksomhet – tariffer. Høyringssvar frå Sunnfjord Energi Nett.

Vi viser til høyringsdokument 5/17 som omhandlar framlegg til endringar i forskrift om kontroll av nettvirksomhet.

Sunnfjord Energi ynskjer ei omlegging frå energi- til effekttariffar for å redusere framtidige nettinvesteringar, men vi støttar ikkje NVE sin føreslegne modell basert på abonnert effekt.

Ein tariffmodell med abonnert effekt er komplisert å forstå for den einskilde kunde. Den kan gje feil prissignal, auka kostnadar for nettselskapa og omdømemessige utfordringar.

For dei større kundane har vi i dag ei ordning med målt effekt som vi ynskjer å fortsette med. Denne er godt innarbeida og vi opplever at kundane forstår den.

For dei mindre kundane meiner vi at ein modell basert på time of use i større grad vil bidra til å nå dei overordna måla ved at kundane i større grad kan tilpasse seg i samsvar med dei nettmessige behova.

Dersom NVE innfører ein modell med abonnert effekt, vil vi oppmode om at nettselskapa ikkje vert pålagde å fastsetje grenser til kundane.

I områder med mykje lokal produksjon, kan marginaltapa vere svært låge og negative. Det er difor viktig at nettselskapa har fridom til å bestemme detaljane i tariffutforminga.

Mvh Sunnfjord Energi Nett

Bjarte Kapstad

-Sivilingeniør-